



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato
19.12.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/6742 731.2
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Varsel om pålegg - turnusplass for fysioterapeutar 15. august 2019 – 14. august 2020

Fylkesmannen i Hordaland administrerer i samarbeid med dei andre fylkesmennene turnustenesta for fysioterapeutar i region Midt og Vest Noreg. For turnusåret 15. august 2019 – 14. august 2020 er det per 16. november 2018 behov for 142 turnusplassar til fysioterapeutar frå Norges teknisk-vitenskapelige universitet og Høgskulen på Vestlandet. Vi har fått meldt inn 108 heilårsplassar turnusåret 15. august 2019 – 14. august 2020. Det manglar plassar til 34 turnusfysioterapeutar.

Etter forskrift om praktisk tjeneste (turnustjeneste) for å få autorisasjon som fysioterapeut § 11 kan Helsedirektoratet om nødvendig påleggje den enkelte kommunen om å ta imot turnusfysioterapeutar, jf. helse- og omsorgstenestelova § 8-1.

Lindås kommune blir med dette bedt om å opprette ein turnusplass kvart halvår i turnusåret 15. august 2019 – 14. august 2020.

Vi gjer merksam på at det kan verte aktuelt å be Helsedirektoratet om påleggje Lindås kommune å opprette turnusplass for fysioterapeutar i tidsrommet 15. august 2019 – 14. august 2020. Pålegg blir gitt dersom turnusstaden blir vurdert som fagleg godt eigna.

Dersom kommunen meiner at dei faglege føresetnadane for å opprette ein ekstra turnusplass turnusfysioterapeutar i det aktuelle tidsrommet ikkje er til stades, ber vi om at dette blir grunnlagt. Av omsyn til vidare arbeid med å skaffe nok plassar, ber vi om svar snarast råd og innan 1. februar 2019.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Helsedirektoratet Postboks 220 Skøyen 0213 OSLO